



EIN BÅT I VERDS(ARV)KLASSE: Kjell Magnus Økland, som i oktober gav ut boka «Oselvaren – den levande båten», har i fleire år jobba med ein søknad til UNESCO, om å få kunnskapane med å byggja og segla ein oselvar inn på verdsarvlista. Etter ein lang prosess, kom det positive svaret for ei veke sidan. Her frå eit føredrag han heldt på Mandelhuset i helga.

Oselvarkunnskap med på UNESCO-liste

Eit viktig delmål er nådd i aksjonen for å redda oselvaren, seier oselvarbok-forfatter Kjell Magnus Økland.

For ei veke sidan var det ein spent gjeng som sat og venta på Oselvarverkstaden i Os. Det var nemleg då UNESCO sin mellomstatlege kongress skulle avgjera om bygging og bruk av oselvaren skulle bli inkludert på lista over gode vernepraksisar for immateriell kulturarv.

Litt før klokka ni om kvelden kom svaret: Nominasjonen vart godkjend, og oselvaren og tradisjonen med å byggja og bruka den er hermed å rekna som ein internasjonal kulturarv som er verd å verna om.

– Veldig gledeleg

Kjell Magnus Økland hadde

ein aldri så liten finger med i å få søknaden godkjent.

– Eg skreiv nominasjonsframlegget på oppdrag for Oselvarverkstaden. Det er mykje arbeid som ligg bak ein slik nominasjon, og det har gjort oss meir bevisste på det me held på med, seier han.

Han fortel at det er vanskeleg å koma gjennom nåauget; Norge kan berre senda inn ein nominasjon i året, og dette var ikkje fyrste gongen Oselvarverkstaden søkte. Den suksessfulle nominasjonen heilhjarta støtte frå eit samla oselvarmiljø: Os Båtbyggjarlag, Oselvarklubben, Oselvarlaget, Hordaland Fylkeskystlag, Båtlaget Njord/Tysnes, Milde Båtlag, Austevoll Seilforening, Hordamuseet, Norsk Håndverksinstitutt og Vikingeskibsmuseet i

Roskilde, har alle skrive støtteklæringar til nominasjonen av Oselvarverkstaden, som kulturdepartementet fremja overfor UNESCO.

– Til no har båtar og kystkulturen ikkje akkurat vore fremst i køen i slike samanhengar, så det er veldig gledeleg at oselvartradisjonen no er verna. Båten har vore ekstremt viktig i norsk historie, og er føresetnaden for livet langs den norske kysten, seier oselvarentusiastane.

Forseinka kakefeiring

Lista som Oselvarverkstaden og oselvarkulturen no er med på, heiter «Good Safeguarding Practices», eller gode vernepraksisar. Den handlar om korleis ein skal ta vare på immateriell kulturarv, som altså er språk, utøvande kunst,

sosiale skikkar, kunnskap og praksis som gjeld naturen og tradisjonelt handverk. Økland understrekar at det ikkje er sjølve oselvarbåten som er verna, men tradisjonen med å byggja og bruka den.

Nominasjonen av Oselvarverkstaden og oselvarkulturen var ein av sju nominasjonar som vart handsama av UNESCO-komiteen i Addis Abeba sist veke. Innstillinga til nominasjonen var positiv på førehand, noko som gjorde Økland og dei andre som har arbeidd med søknaden optimistiske med tanke på utfallet. Dei hadde difor kjøpt kake og var klare til å feira resultatet på Oselvarverkstaden sist torsdag. Men uføresette forseinkingar gjorde at avgjerda kom mange timar seinare enn venta, og kakefeiringa måtte venta til fredagen.

Ikkje lenger ein kulisse

Økland seier at ringverknadane av å få oselvartradisjonen med på lista, mellom anna er auka interesse, både frå media og folk flest.

– Forhåpentlegvis vil fleire læra å byggja båten, og det kan bli lettare å få løyvd midlar. Det kan bli auka interesse frå utlandet, og me vil jobba for å få til gode løysingar slik at turistar kan få bruka båten, i tillegg til å sjå handverket. Me vil jobba for at oselvaren ikkje berre skal vera ein kulisse, men ein aktør i forteljinga om seg sjølv. Altså må båten òg visast på vatnet, konstaterer Økland.

RANDI KLEPPE
randi@tysnesbladet.no